



DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Statsråden

Til
landets alders- og sjukeheim

Deres ref

Vår ref

Dato

15/685-

19.04.2016

"Gylne måltidsaugneblick" 2016 er i gang. Oppfordring til å delta i konkurransen

Eg oppfordrar alle landets alders- og sjukeheim om å melde seg på konkurransen Gylne måltidsaugeblick 2016. I år vil konkurransen finne fram til dei institusjonane som mellom anna har særst god brukarmedverknad, merksemd på lokalmat og der bebuarane har matval.

Eg vil i år samarbeide med Forbrukerrådet. Dei er opptekne av valmogleighet, bebuar involvering og innflytelse frå brukarane og pårørande i matstell og mataktivitetar. Målet med årets konkurranse er å skape meir engasjement rundt måltida. Måltidet skal være eit av dagens høgdepunkt, og måltids glede skal mellom anna skapast gjennom involvering av bebuarane og deira pårørande, samt bruk av lokale råvarer.

Alle alders- og sjukeheim får tilsendt informasjon om konkurransen saman med ein nettlénke til eit spørjeskjema. For å delta i konkurransen må dykk svara på dette. Informasjon og nettlénke vil dykk og finne på nettsidene til Landbruks- og matdepartementet, Forbrukerrådet samt hos Fylkesmannen i kvart fylke. Svara vil bli vurderte og danne grunnlag for ein rangering. Alle svara vil bli behandla konfidensielt. Dei beste institusjonane vil få besøk av en jury som kårar ein nasjonal vinner. Vinnaren vil bli kåra i september. Premien er i år på kr 10.000,- samt diplom og mykje ære.

Gylne måltidsaugneblick 2016 vil gjennomførast i perioden frå 20. april til 20. mai 2016. Eg håpar på stor deltaking. [Klikk her for å delta i konkurransen](#)

Med helsing

Jon Georg Dale